

Hordaland Fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Pb 7900
5020 Bergen

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
12 FEB 2018	
Ark. saks. nr. 14/1828	Løp.nr.
Saksh.	Tilgangskode

Knarvik 07.02.2018

Søknad om bussrute gjennom Lonsvegen i Knarvik

Langs Lonsvegen i Knarvik er det satsa på konsentrert bustadutbygging, her bur det mykje folk, og fleire kjem til. Vidare har Knarvik vidaregåande skule, Knarvik ungdomskule, den nye Knarvik barneskule som er under bygging, Knarvik kyrkje, og 2 barnehagar tilkomst via denne vegen. Det same gjeld idrettsanlegget og turløypene, som vert nytta av mange som kjem frå andre stader enn Knarvik.

Lonsvegen har i dag dels 50 km, og dels 30 km fartsgrense. Me har registrert at dette skal endrast, heile strekkja skal få 40 km fartsgrense. I samband med denne omlegginga bør det sytast for at fartshindringane vert tilpassa busstrafikk.

På Nyborg i Åsane, der bussrutene frå Knarvik køyrer på veg til Åsane-terminalen og Bergen, er det tilsvarande fartsgrense, og fartshindringar.

Dersom f.eks Alver-ruta vert lagt om, at den får køyra via Lonsvegen til og frå Knarvik Skyssstasjon, så vil bussen verta eit reelt alternativ til privatbilen for svært mange. Køyrelengda og køyretida vil truleg vera om lag den same som langs noverande trase på hovedvegane gjennom Knarvik.

Med helsing



Martin Bjørnevoll
Langheiane 79,
5914 Isdalstø

Kopi til Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø